

# Rapport om Ervik Havfiske Holding – konsernet sitt arbeid med menneskerettigheitar og anstendige arbeidsforhold, jf, Openheitslova.

## Innhald

Bakgrunn .....	1
Innleiing.....	2
Kapittel 1. Ervik Havfiske Holding Konsernet:.....	3
KME Invest AS : .....	5
ST Ervik Invest AS .....	5
Kapittel. 2. Ervik Havfiske Holding AS .....	5
Kapittel 3: Ervik Group AS .....	11
Kapittel 4: Carisma Viking AS .....	16
Kapittel 5: Frøyanes Junior AS.....	19
Kapittel 6: Vestkapp AS.....	22
Kapittel 7: Frøyanes AS .....	26
Kapittel 8: Stadt Havfiske.....	29
Kapittel 9: Ervik Ocean.....	32
Kapittel 10: Ervik Supply AS .....	36
Kapittel 11: Ervik Seafood AS .....	39
Kapittel 12: Westmek AS.....	44
Kapittel 13 Mindre selskap .....	47
Kapittel 14 Vidare arbeid/ plan for 2025 for konsernet: .....	47

## Bakgrunn

Openheitslova, trådte i kraft i Noreg 1.juli 2022.

Formålet med lova er å sikre respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, samt å gje allmenta innsyn i korleis verksemder arbeider med dette.

Lova forpliktar verksemder til å utføre aktsemdsvurderingar i tråd med OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap.

Denne rapporten bygger vidare på rapporten frå 2023.

Denne rapporten følgjer rekneskapsåret 2024.

## Innleiing

Ervik Havfiske Holding – er eit fiskerirelatert konsern, lokalisert på Stadlandet, i Vestland Fylke.

**Implementerte reglar og prosedyrar gjeld for heile konsernet med alle dotterselskap, ikkje berre for dei selskapa som er så store at dei automatisk er omfatta av Openheitslova.**


Styrande og rettleiande dokument i denne rapporten:

- Lov om Virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (Åpenhetsloven)

Rammeverk for aktsemdsvurderingane:

- FNs veiledende prinsipper for næringsliv og menneskerettigheter (UNGP,2011)
- OECD's veileder og modell for aktsomhetsvurderingar for ansvarlig næringsliv(2018)

Arbeid med Aktsemdsvurderingar i henhold til Openheitslova:



## Kapittel 1. Ervik Havfiske Holding Konsernet:

Ervik Havfiske Holding (EHH) er eit fiskerirelatert konsern som per 31.12.2024 omfatta 28 selskap.

Det er ikkje alle selskapa som fell direkte under Openheitslova, men alle selskap under konsernet har, gjennom like prosedyrar og personvern-policyar, klageadgangar og retningslinjer, fokus på anstendige arbeidsforhold og grunnleggjande menneskerettigheitar.

Dette fokuset er kontinuerleg, jf. Openheitslova.

Vi har stor respekt for lovgjevnaden, og vår drift av konsernet skal til ei kvar tid følgje dei gjeldande og opplyste reglar og prosedyrar.

Konsernets dotterselskap er sertifisert etter lovgjevnadskrav ut i frå eigen bransje, og fører dermed også både interne og eksterne tilsyn, for å sikre at selskapa til ei kvar tid etterlever sine krav. Under tilsyna vert det gjennomgått om selskapa har dei riktige og naudsynte prosedyrar og retningslinjer, samt avdekka eventuelle avvik eller pålegg som må utbetrast innan dei kan bli lukka.

Vi kjenner oss derfor trygge på at vi jobbar målretta i heile organisasjonen for å sikre vår deltaking i eit ansvarleg næringsliv. Oppdagar vi avvik, skal dette ha ekstra fokus og det skal søkast løysing for å lukke avviket.

Alle selskap som konsernet er involvert i drifta av, utanom dei vi eig 100%, er dermed også anbefalt å følgje konsernets retningslinjer og styrande policyar, og vert med fast intervall kontrollert.

Rammeverket for aktsemdsvurderingane i konsernet er basert på FNs veiledende prinsipper for næringsliv og menneskerettigheter (UNGP, 2011) og OECDs modell for aktsemdsvurderingar for ansvarlig næringsliv (2018).

Konsernet er lokalt forankra på Stadlandet i Vestland Fylkeskommune. Vi er lokalpatriotar og prøver i størst mogleg grad å nytte oss av lokale og dermed kjende leverandørar og samarbeidspartnarar for å sikre eit sterkt lokalsamfunn. Vi er derfor godt kjende med størsteparten av leverandørane våre. Men i somme samanhengar er vi avhengige av å også bruke andre leverandørar, i tillegg til dei selskapa som igjen har underleverandørar som vi kanskje ikkje kjenner så godt.

Som eit konsern med mange dotterselskap, er vi involvert i mange bransjar. Men sidan vi er eit fiskerirelatert konsern, har vi satt fokuset med aktsemdsvurderingar på våre største leverandørar og samarbeidspartnarar knytt opp mot fiskeutstyr og verft / verkstadar, samt våre eigne tilsette, tilsettelses- og arbeidsforhold. Derifrå jobba vi vidare med eventuelle funn og fleire leverandørar og samarbeidspartnarar.

Framleis har ingen vurdering av risiko-område ført fram til noko urovekkande. Vi har hittil ikkje avdekka brot på menneskerettigheter eller grunnleggjande arbeidsforhold, men vi kan framleis ikkje utelukke at brot skjer ein stad i vår verdi- og leverandørkjede. Difor jobbar vi stadig for å implementere fokus og bevisstgjerjing på dette, i alle våre selskap. Alle selskapa gjennomfører sine eigne risikokartleggingar, med utvalde områder som dei ser krev eit ekstra fokus. Selskapa retta fokuset sitt dit dei ser at risikoen kan vere størst og har jobba vidare med det i 2024.

Selskapa søker bransjesamarbeid hovudsakleg med interesse- og arbeidsgjevarorganisasjonen for den norske havgåande fiskeflåten, Fiskebåt, men også med samanliknbare og nærliggjande selskap.

Dersom nokon av selskapa i konsernet, gjennom sine aktsemdsvurderingar blir gjort kjende med faktiske eller potensielle negative konsekvensar, vil vi iverksette tiltak ut frå individuell vurdering og grad av konsekvens på hendinga eller risikoen. Målet er at vi gjennom god vurdering, kartlegging, og samarbeid, kan bistå i å fremme respekt for grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige

arbeidsforhold for alle, samt å førebygge og hindre at brot skjer i framtida med både oss sjølve eller hos nokon av våre samarbeidspartnarar eller leverandørar.

Vi er klar over dette er eit overordna mål, men vi forsikrar om at vi vil ta vår del av ansvaret, og gjer det vi kan for å bistå i arbeidet.

Nærare beskrivingar av dei einsskille selskaps aktsemdsvurderingar er beskrive under kvart av selskapa sine kapittel.

For alle selskapa i konsernet gjeld dette:

1. Forankring:  
Styrebehandling av Openheitslova: Vedteken sak i Styret i Ervik Havfiske Holding AS  
– deretter i dotterselskapa  
- Godkjende «Rutine for gjennomføring av aktsomheitsvurderingar i henhold til Åpenheitsloven», inkludert mal om leverandørreklæringar.  
Utpeika ansvarleg for koordinering  
Openheitslova er på agenda i påfølgjande leiarsamlingar, lunsjmøter og styremøter.  
Deltaking på kurs, konferansar og Webinar knytt til tema for å sikre informasjon og kunnskap
2. Kartlegging og vurdering:  
Selskapa gjennomfører egne kartleggingar av verksemda og leverandørar og har risikovurdert eiga verksemd og sine leverandørar.
3. Førebygging:  
Hovudsakleg gjennom informasjon og felles forståing for retningslinje for vidare handtering dersom ein oppdaga negativ påverknad / skade
4. Overvaking:  
Arbeidet er ein kontinuerleg prosess
5. Kommuniser:  
Vi ønsker ein open prosess med lett tilgjengeleg informasjon og retningslinjer og varslingsprosedyrar. Nettsider og interne plattformar.
6. Rette opp:  
Eigne varslingsprosedyrar og handteringsprosedyrar, i tillegg til bransjesamarbeid for å løyse utfordringar.

Ervik Havfiske Holding-konsernet ser på Openheitslova som eit etter kvart viktig globalt ledd i å kunne sikre menneskerettigheiter og anstendig arbeidsforhold. EHH held kontinuerleg fram med å ta vår del av dette arbeidet.

Gjennom leverandørreklæringar og vidare aktsemdsvurderingar går vi meir i djupna på leverandørane, utvidar til fleire av våre mindre leverandørar, i tillegg til å vurdere oss sjølve.

Sjølv om ikkje alle våre dotterselskap fell direkte under denne lova, gjeld våre rutinar og prosedyrar for alle selskapa i konsernet.

Vi startar med oppbygginga av konsernet, før dei fleste av selskapa i konsernet har sin eigen rapport i egne kapittel.

Dotterselskapa Carisma Viking AS, Frøyanes Junior AS og Vestkapp AS, Frøyanes AS og Stadt Havfiske AS er i stor grad samanliknbare, med lik struktur, samanliknbar drift og selskapa har like management-avtaler gjennom Ervik Group AS. I tillegg er nokre av styremedlemmane representert i styret for fleire av selskapa.

Aktsemdsvurderingane til desse selskapa er difor naturleg nok, også i stor grad mykje likt.

KME Invest AS :

KME Invest er eit aksjeselskap, som eig 50% av Ervik Havfiske Holding. Ingen tilsette.

ST Ervik Invest AS

ST Invest er eit aksjeselskap, som eig 50% av Ervik Havfiske Holding. Ingen tilsette.

## Kapittel. 2. Ervik Havfiske Holding AS

### 1. Forankring og generell informasjon

Selskapet er eit aksjeselskap. Selskapets formål er å delta i fiskeriretta bedrifter på sjø og land, som komplimentar, andels-eigar eller aksjeeigar, samt kunne delta i ein kvar form for annan verksemd av økonomisk art, her under handel med aksjar og valuta. Selskapet skal vidare drive handel med skipsutstyr og anna fiskerirelatert utstyr, samt yte konsulent- og management- teneste.

Styret i Ervik Havfiske Holding AS er bevisst på sitt overordna ansvar for å sørge for at både dette selskapet, samt heile konsernets forpliktingar vert oppfylt. Styret har sørge for implementering av gjeldande regelverk, rutinar og prosedyrar.

#### Gjeldande interne regelverk i heile Ervik Havfiske Holding AS – konsernet:

- Ethiske retningslinjer for Ervik Havfiske Holding AS – Konsernet
- Rutinar for gjennomføring av aktsemdsvurderingar i henhold til Openheitslova
- Rutinar for varsling i saker om trakassering, seksuell trakassering og andre kritikkverdige forhold mm.
- Prosedyre for handtering av saker om trakassering, seksuell trakassering og andre kritikkverdige forhold mm.
- HMS-prosedyrar
- ESG – fokus og arbeid

Etter at Openheitslova vart gjeldande i Noreg, har konsernet aktivt jobba for sikring av etterleving av lova. Som ein konsekvens har konsernets Ethiske retningslinjer blitt oppdatert og meir presis etter lova, samt at EHH har implementert «Rutinar for gjennomføring av aktsemdsvurderingar i henhold til Openheitslova»:

Ervik Havfiske Holding AS - konsernet

## **Rutiner for gjennomføring av aktsemdsvurderingar i henhold til Openheitslova**

*Vedtatt 15.05.2023*

### **1. BAKGRUNN**

Ervik Havfiske Holding AS - konsernet anerkjenner viktigheten av å fremme respekt for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold i forbindelse med produksjon av varer og levering av tjenester.

Denne rutine beskriver hvordan Ervik Havfiske Holding AS – konsernet, håndterer faktiske og potensielle negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold som virksomheten enten har forårsaket eller bidratt til, eller som direkte er knyttet til virksomhetens forretningsvirksomhet, produkter eller tjenester gjennom leverandørkjeder eller forretningspartnere.

Med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold menes de regelverkene som det refereres til i Åpenhetsloven § 3 bokstav b og c.

### **2. FORANKRING**

Denne rutinen er vedtatt av styret i Ervik Havfiske Holding AS.

Alle ansatte som er direkte involvert i innkjøp og inngåelse av avtaler med leverandører og forretningspartnere er ansvarlige for å medvirke til at rutinens forpliktelser etterleves.

Selskapet har utpekt en person som kontaktpunkt og ansvarlig for å koordinere alle prosesser knyttet til aktsomhetsvurderinger og behandle informasjonskrav etter Åpenhetsloven. Selskapets styre har det overordnede ansvaret for å påse at virksomhetens forpliktelser oppfylles.

### **3. KARTLEGGING AV FAKTISKE OG MULIGE NEGATIVE KONSEKVENSER**

#### *3.1 Egen virksomhet*

Selskapet skal til enhver tid bestrebe seg på å etterleve forpliktelser i henhold til nasjonal lovgivning, herunder grunnleggende menneskerettigheter og krav til anstendige arbeidsforhold, og søke å unngå at det i forbindelse med vår virksomhet forårsakes eller bidras til å krenke kravene til grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold.

Enhver oppfordres til å varsle fra i henhold til rederiets varslingsrutiner dersom man blir oppmerksom på at selskapets virksomhet har faktiske eller potensielle negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold. Varsel om dette skal fremmes til varslingsmottaker gjennom avvikssystemet i rederiets sikkerhetsstyringssystem.

#### *3.2 Leverandører og forretningspartnere*

Rederiet skal ha oversikt over alle leverandører og forretningspartnere.

Ervik Havfiske Holding AS - konsernet skal regelmessig gjøre en vurdering av våre leverandører og forretningspartnere med sikte på å kartlegge og vurdere faktiske og potensielle negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige forhold i leverandørkjeden eller hos forretningspartnere.

Vurderingen skal se hen til OECDs retningslinjer for flernasjonale selskaper og være risikobasert. Det kan blant annet legges vekt på følgende forhold:

- Engasjementets størrelse og betydning, og om tilknytningen er ad hoc eller varig
- Informasjon fra leverandørene/forretningspartnere
- Informasjon som virksomheten mottar eller innhenter fra andre kilder
- Generell kunnskap om bransjerisiko, geografisk,- produkt- og virksomhetsspesifikk risiko
- Egne vurderinger

#### **4. IVERKSETTING AV TILTAK**

##### *4.1 Egen virksomhet*

Dersom det avdekkes faktiske eller mulig negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold som følge av selskapets virksomhet, skal det iverksettes nærmere vurderinger og tiltak for å stanse, forebygge eller begrense de negative konsekvensene/potensielle konsekvensene.

Hvilken oppfølging som skal iverksettes, avgjøres etter en konkret vurdering.

Personalsaker vedrørende selskapets egne ansatte følges opp i tråd med kravene i Arbeidsmiljøloven/Skipsarbeidsloven og omfattes ikke av nærværende rutine.

##### *4.2 Leverandører og forretningspartnere*

Dersom vurderinger som nevnt i pkt. 3.1 avdekker faktiske negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold, eller det er grunn til å tro at slike konsekvenser forekommer, skal det vurderes å iverksettes egnede tiltak.

Hvordan det avdekkede forholdet skal følges opp, avgjøres etter en konkret vurdering. Aktuelle tiltak kan blant annet være å gå i dialog med den aktuelle virksomheten, varsle offentlige tilsynsmyndigheter mv.

Iverksatte tiltak skal så langt som praktisk mulig søkes oppfulgt for å overvåke gjennomføring og resultat. Behovet for oppfølgende tiltak avgjøres etter en konkret vurdering av hver enkelt sak.

## **2. Kartlegging og vurdering**

Overordna kartlegging av eiga verksemd og leverandørar:

- kvar er risikoen størst i vårt eige konsern
- Kven er konsernet sine største leverandørar
- Kven av våre største leverandørar er det mest truleg ein risiko knytt opp mot? Her lagt til grunn; nasjonalitet, tal på arbeidrar, kva type arbeid, langvarig samarbeid, har dette selskapet eventuelt lang leverandørkjede bak seg?
- Kven har vi størst moglegheit til å påverke ved eventuelle negativ konsekvens

Leverandørar blir i fyrste omgang vurdert etter «trafikk-lys»-prinsippet. Vi retta innsatsen dit risikoen er størst, med tanke på faktisk eller potensiell negativ konsekvens:

Ut i frå risikokartlegginga har vi identifisert desse risikoområda for nærare undersøking:

#### Eigne tilsette, både på land, til havs og i utlandet:

Får alle oppfylt sine krav om grunnleggjande menneskerettigheiter og anstendige arbeidsforhold, med fokus på arbeidstilhøve, alder og alle former for diskriminering?

- Båtane og båtselskap har eigne prosedyrar og risikovurderingar om bord, som de har praktisert i lang tid. I tillegg er fartøya sertifiserte, og jamlege tilsyn og revisjonar vert derfor utført. Operatørselskapet, Ervik Group AS er DOC-sertifisert, og har dermed eigne rutinar for kontroll og etterprøving av at vi følgjer lovverket. Alle fartøy er WFC-sertifisert og omfatta av ILO-konvensjonen.

Størsteparten av tilsette på fartøya er menn, men damer er representert. Tydelege prinsipp for at diskriminering ikkje skal førekome, er presisert i konsernets Etske retningslinje, samt forsterka i Rutinar for varsling av saker om trakassering, diskriminering og prosedyrar for handtering av innkome varslar. Desse vert stadig repetert frå administrasjonen til fartøy og mannskap.

Vi vurderer at risikoen for brot på lova per i dag framleis er *låg* på vår norske flåte, men vi jobbar vidare med fokus på kontroll, samt at vi må sørge for at varslingsrutinane er kjend for alle dersom nokon opplever eller oppdagar uønskte tilhøve og hendingar. I utlandet samarbeider vi med utanlandske aktørar, men vi har stor grad av norske offiserar om bord. Vi har heller ikkje praksis med lærlingar om bord i dei utanlandske båtane. Vi har fokus på gode arbeidsavtaler. Konsernet har nulltoleranse for barnarbeid, slavearbeid, og alle former for diskriminering. Dette er formidla via arbeidsavtaler og interne retningslinjer.

#### Leverandørar i Noreg:

Noreg er eit land som skal ha gode, gjeldande regelverk, for å sikre både arbeidstakar og arbeidsgjevar. I utgangspunktet skal ein arbeidstakar i Noreg ha gode rettigheiter, med tanke på tilsetjingsforhold og krav om ei løn å leve av, og ein arbeidsgjevar har på si side mange krav til etterleving. Til tross for dette, er vi klar over at det *kan* førekome negativ påverknad ein stad i leverandørkjeda til konsernet.

Våre største leverandørar i Noreg av verft og terminalar, er så store at dei sjølv er omfatta av Openheitslova. Vi har likevel innhenta leverandørklæringar frå desse også. Vi vel å stole på deira eigne aktsemdsvurderingar, men vi vil ha kontinuerleg fokus på området. Vi vil innhente fleire opplysningar og gå gjennom deira aktsemdsvurderingar for å gjere vurderingar på nytt dersom vi ser behov for det. I tillegg til innhenting av opplysningar og jamlege vurderingar, har vi tett oppfølging gjennom å vere til stades når vi nyttar eksterne leverandørar/verft.

Ein av konsernets største leverandør av verkstadtenester er eit internt selskap, som sjølv er omfatta av Openheitslova og gjer dermed sine eigne aktsemdsvurderingar. Vi føl opp

kontinuerleg. Vi har jamt over tett samarbeid og oppfølging, då dette selskapet har fleire underleverandørar.

Vår største leverandør av til dømes utstyr, line, krok og bunkers, er eit internt selskap. Selskapet er sjølv omfatta av Openheitslova, og gjer dermed sine egne aktsemdsvurderingar. Også her har vi tett samarbeid og oppfølging, då dette selskapet har fleire underleverandørar.

#### Leverandørar i utlandet:

Det området som vi i utgangspunktet såg kunne vere ei mogleg *potensiell risiko*, er utanlandske leverandørar av varer og tenester, blant anna skipsverft og fabrikkar i utlandet, fordi desse leverandørane er store selskap med mange tilsette, andre nasjonale lover og reglar for både tilsetjingsforhold, alder og løn.

Vurderinga er likevel at vi gjennom tett samarbeid i mange år, er godt kjend med desse aktuelle selskapa. I periodar der utanlandske selskap er innleigd for prosjekt i vår regi, har vi tett oppfølging og periodevis lange opphald av innleigde norske inspektørar til stades. På dette grunnlaget ønsker vi ikkje å karakterisere risikoen som ein *faktisk risiko* per i dag.

Vi er likevel klar over at til trass tett samarbeid og ved å vere fysisk til stades, kan vi ikkje garantere at avvik ikkje skjer. Vi rettar derfor merksemd mot utanlandske verft. Meir om tiltak under.

### **3. Tiltak og førebygging**

Vi starta tiltakssida med å sende ut informasjon om Openheitslova, samt at vi har gjeve beskjed om at konsernet vil følge vidare opp framover, inkludert med leverandørreklæringar. Dei fleste av våre leverandørar og forretningspartnarar er derfor klar over at dei stadig er under vurdering. Etter at dette målretta arbeidet har gått føre seg i snart eit par år, har vi framleis berre fått utelukkande positive tilbakemeldingar.

Vi håper at vi ved å halde fram dette arbeidet vil bidra til å forebygge at det skjer faktiske eller potensielle negative påverknad. Vi kan ikkje utelukke at det skjer uønskte hendingar eller at det kan knytte seg ein viss potensiell risiko for negativ konsekvens. Derfor vil kontinuerleg, gjennom tett samarbeid også i framtida ha fokus på overvaking og oppfølging av våre leverandørar og forretningspartnarar.

Forventa konsekvens av merksemda vi knyter opp mot drift av fartøy og tilsette er at alle tilsette blir kjende med lovverket, våre retningslinjer, og kjent med varslingsrutinar slik at vi kan unngå ein praksis der det skjer, eller kan oppstå faktiske eller potensielle negative konsekvensar.

### **4.Overvaking**

Gjennom fokus på informasjon er vårt arbeid med Openheitslova godt kommunisert til alle våre interne selskap og tilsette, og vi vil halde fram med tett oppfølging og informasjon til våre eksterne leverandørar og forretningspartnarar. Våre varslingskanalar vil ligge lett tilgjengeleg på konsernets nettside.

Selskapet søker samarbeid både tett internt, med samanliknbare selskap, samt bransjesamarbeid, til dømes med interesse- og arbeidsgjevarorganisasjonen for den norske havgåande fiskeflåten, Fiskebåt, for å løyse eventuelle utfordringar.

## **5 Kommunikasjon**

Internt i konsernet er informasjonen formidla via interne system i tillegg til på konsernets nettside.

For offentlegheita vil all informasjon kring Openheitslova og vårt arbeid med å sikre grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold ligge lett tilgjengeleg på konsernets eksisterande nettside: [www.ervikgroup.no](http://www.ervikgroup.no)

Der vil også ligge informasjon om varslingskanalar. Dette er venta å forenkle varslingsprosessen, og forhåpentlegvis gjere terskelen for eventuell for varsling lågare.

Spørsmål kring Openheitslova kan rettast til : [baerekraft@ervikhavfiske.no](mailto:baerekraft@ervikhavfiske.no)

## **6.Rette opp**

Vår plan er framleis at dersom vi oppdagar avvik eller potensiell negativ påverknad, vil vi vurdere grad av faktisk konsekvens og mogleg negativ konsekvens og deretter legge ein plan for korleis vi kan rette opp ved å gripe inn, stoppe, endre og påverke gjennom vårt eventuelle vidare samarbeid.

Dersom vi sjølv er ansvarlege, vil vi rette opp sjølv. Dersom vi ser at andre er ansvarlege, vil vi i fyrste omgang forsøke å påverke. Styret anerkjenner at det kan vere lange og komplekse leverandørkjeder, men fokuset på grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold skal vere eit kontinuerleg fokusområde.

Plan vidare:

Ervik Havfiske Holding vil kontinuerleg jobbe med arbeidet kring Openheitslova.

Selskapet vil sørge for at fokuset på menneskerettigheter og anstendig arbeidsforhold skal vere kontinuerleg i heile konsernet, og arbeidet vil bli fylgt opp både i eige selskap, samt alle dotterselskapa. Ervik Havfiske Holding vil etterstebe å sørge for at dei implementerte retningslinjene vert etterlevd i praksis.

Signert av styret.

## Kapittel 3: Ervik Group AS

### 1. Forankring og generell informasjon

Ervik Group AS er eit management- og investeringsselskap retta mot den delen av fiskeflåten som driver fiske med autoline. Konsernet har i tillegg ei relativt nysatsing på fiske etter snøkrabbe og reke. Selskapets forretningsverksemd er retta både mot den nasjonale og internasjonale marknaden.

Fartøya i konsernet driver tradisjonelt autolinefiske i havområda rundt Norge, i EU-farvatn samt i området rundt Færøyane, Island og britiske farvatn, samt i Barentshavet i russisk sone.

Selskapets hovudkontor er på Stadlandet i Stad kommune.

Selskapet er eigd 100% av Ervik Havfiske Holding AS.

Styret i Ervik Group AS er kjend med Openheitslova, og er sitt ansvar bevisst i forhold til arbeidet med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold.

«Rutinar for aktsemdsvurderingar i henhold til Openheitslova», er vedtatt både i Ervik Havfiske Holding AS og Ervik Group AS.

Alle tilsette som er direkte involvert i innkjøp og inngåing av avtaler med leverandørar og forretningspartnarar er ansvarlege for å medverke til at rutinens forpliktingar etterlevast.

Selskapet har utpekt person som kontaktpunkt og ansvarleg for å koordinere alle prosesser knytt til aktsemdsvurderingar og behandle informasjonskrav etter Openheitslova. Selskapets styre har det overordna ansvaret for å sørge for at verksemdas forpliktingar oppfyllast.

For å kunne drive konsernets eigne båtar, i tillegg til management-tenester for eksterne reiarlag, er selskapet DOC-sertifisert. Selskapet har med andre ord Fulltids Godkjenningssbevis for sikkerheitsstyring for rederi / Documents of Compliance (DOC) -sertifisering, og ISM Godkjenningssbevis for fiskefartøy, utsteda av Sjøfartsdirektoratet.

Selskapets Sikkerheitsstyringssystem (SMS) er utforma for å oppfylle Forskrift om sikkerheitsstyringssystem for norske skip og flyttbare innretningar, FOR-2014-09-05-1191.

Alle fiskefartøya har i tillegg sine eigne naudsynte skipssertifikat, sertifiseringar og lisensar.

Via sikkerheitsstyringssystemet og ISM vert tilsette gjort kjend gjeldande rutinar, retningslinjer og reiarlagets politikk, samt informasjon om roller og ansvar, DPA, kontaktinformasjon, beredskap, osv.

Selskapet tilbyr management-tenester for andre reiarlag, samt at selskapet kjøper og sel båtar og kvoter.

Selskapet eig dotterselskap som eig fiskefartøy. Både selskapa og fartøya opererer hovudsakleg i norsk marknad.

Selskapet har allereie gode interne rutinar i forhold til tilsetting, med avtaler og lønning ut i frå gjeldande norsk regelverk. Alt mannskap på fartøy er løna via lott-system.

Ervik Group har implementert konsernets vedtekne «Rutinar for gjennomføring av aktsemdsvurderingar i henhold til Openheitslova», oppdatert sine overordna «Etske retningslinjer», har gjeldande prosedyrar for varsling og handtering av varslar, samt gjeldande HMS-politikk.

Alle fartøya som Ervik Group har management-tenester på, er i tillegg WFC – sertifisert, ILO-188

konvensjonen vedrørende bu- og levevilkår om bord i fartøy, og føl alle naudsynte krav og sertifiseringar.

Selskapet har utpekte personar/ DPA, Varslingsmottakar for saker angående trakassering og andre kritikkverdige forhold, samt varslingsmottak i saker angående Openheitslova.

Informasjonen er lett tilgjengeleg om bord i fartøya, og varslingskanalane og klageadgangen er implementert retningslinjene i sikkerheitsstyringssystemet (SMS).

Vi har kontinuerlege øvingar, risikovurderingar, tilsyn og revisjonar både på land og om bord i båtane.

## **2. Kartlegging og vurdering:**

I heile 2024 har vi haldt fram med kontinuerleg fokus på dei identifiserte risikoområda våre:

### Eigne tilsette, både på land og til havs

Får alle oppfylt sine krav om grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold, med fokus på arbeidstilhøve, alder og alle formar for diskriminering?

- Båtane og båtselskap har egne prosedyrar og risikovurderingar om bord, som de har praktisert lenge. I tillegg er fartøya sertifiserte, og jamlege tilsyn og revisjonar vert derfor utført.  
Operatørselskapet, Ervik Group AS er DOC-sertifisert, og har dermed egne rutinar for kontroll og etterprøving av at vi følgjer lovverket. Alle fartøy er WFC-sertifisert og omfatta av ILO-konvensjonen.
- Kjønn- og lønsdiskriminering: Størsteparten av tilsette på fartøya er menn, men damer er representert. Ervik Group har implementerte gode rutinar for varsling i saker om trakassering og andre kritikkverdige forhold, og rutinar for handtering av innkomne varslar. Ingen innmeldte saker per i dag, men vi har stadig tett oppfølging.
- Lærlingar: Sidan Ervik Group er ei stor lærling-bedrift, må vi sikre at det ikkje førekjem barnarbeid. Vi tar imot lærlingar som er i ei utdanningsfase, gjennom samarbeid med Opplæringskontoret for fiskeri og havbruk (OKFH) ved Måløy VGS. Etter to år på med skule-undervisning er lærlingane som kjem til oss minimum 17 år.  
Tilsette er løna gjennom Lott-system, og utbetaling skjer via dotterselskap med gode og sikre rutinar. Også dette vert tett oppfølgt.
- Som eit ledd i vurdering av riktig løn, retta vi også aktsemd mot forretningspartnar som tek hand om utbetaling av løn. Denne forretningspartnaren er eit dotterselskap og ein del av Ervik Havfiske konsernet, samt at selskapet er eit autorisert rekneskapskontor med egne interne og eksterne prosedyrar og rapporteringsplikter. Vi kjenner oss derfor trygge på at desse utfører tenesta på ein tilfredsstillande måte. Avvik ville i tillegg blitt oppdaga ved revisjonar.

Vi vurderer framleis at risikoen for brot på lova per i dag er *låg*, men vi jobbar vidare med fokus på kontroll, samt ta vi må sørge for at varslingsrutinane er kjend for alle dersom nokon opplever eller oppdagar uønskte tilhøve og hendingar.

Leverandører: Her har vi framleis fokus på leverandørane som er størst og har flest tilsette, sidan det er det menneskelege aspektet som skal sikrast og vurderast i dette arbeidet.

- Våre største leverandører i Noreg, med flest tilsette, er verft, fabrikkar, verkstadar og losseterminalar.
- Dei fleste av desse er så store at dei sjølv er omfatta av Openheitslova. Vi vel difor å stole på deira egne aktsemdsvurderingar, men vil ha kontinuerleg fokus på området, med tett oppfølging og jamleg vurdering.
- Vår største leverandør av verkstadtenester er framleis eit internt selskap, som sjølv er omfatta av Openheitslova og gjer dermed sine egne aktsemdsvurderingar. Vi har tett samarbeid og oppfølging, då dette selskapet har fleire underleverandører. Vi vil følgje opp etterkvart, og vurdere om informasjon og opplysningar er tilstrekkeleg.
- Vår største leverandør av til dømes fiskeutstyr, line, krok og bunkers, er framleis eit internt selskap. Selskapet er sjølv omfatta av Openheitslova, og gjer dermed sine egne aktsemdsvurderingar. Vi har tett samarbeid og oppfølging, då dette selskapet har fleire underleverandører.

Ervik Group AS har, gjennom aktsemdsvurderingane sine, hittil ikkje avdekket nokon *faktiske* negative konsekvensar, men arbeidet er kontinuerleg, og selskapet kan ikkje utelukke at ein vil kunne møte på negative konsekvensar i framtida. Desse vil då bli fortløpande bli konsekvensvurdert.

Risikoen for negative konsekvensar er etter vår vurdering låg, grunna dei nemnte vurderingane våre. Vi har stabile og kjende leverandører og forretningspartnarar. Nye leverandører og forretningspartnarar vert vurdert før eit eventuelt samarbeid.

Nærare om kvifor vi vurderer risikoen for både faktisk og negativ konsekvens framleis er låg:

- Løn til mannskapet: Via internt selskap og utrekna gjennom Lott-system, vi har implementerte rutinar og etiske retningslinjer med tanke på eventuell diskriminering, oppdaterte varslingsprosedyrar med både menn og kvinner som varslingsmottakar, samt revisjonar av WFC (bu- og levekår om bord).
- Skipsutstyr, her under krok, line og anna skipsutstyr som er kjøpt inn av båtane for dagleg drift: Vår største leverandør av utstyr er som nemnt eit internt selskap i konsernet. Gjennom aktsemdsvurderinga har vi vurdert at risikoen for at det føreligg kritikkverdige forhold i våre direkte leverandører er ikkje vesentleg, men sidan Ervik Havfiske ikkje med sikkerheit kan gå god for heile leverandørkjeda med produksjon av krok og skipsutstyr, vil vi gjennom vidare vurderingar og samarbeid med leverandør, sørge for grundig gjennomgang av leverandørkjeda her.
- Verft og mekaniske verkstadar: Verft og mekaniske verkstadar har ofte mange tilsette, og intrykket vårt er at tilsette her ofte er ei blanding av norske og utanlandske arbeidarar. Her tenker vi i fyrste omgang på om løna og arbeidstilhøvet er gode nok, særleg blant utanlandske arbeidarar. Dei største leverandørane våre av denne type tenester er enten interne, og / eller så store at dei sjølv er omfatta av Openheitslova. Dermed må desse sjølv aktsemdsvurdere både seg sjølv og sine underleverandører. Framleis set vi vår lit til deira eigen rapport, men vil følgje opp og vurdere om opplysningane deira i rapporten er tilstrekkelege.

Sidan vi ikkje har motteke innkomne varslar, eller sjølv har avdekka faktiske eller potensielle negative konsekvensar, kategoriserer vi ikkje desse som vesentlege.

### **3. Førebygging og tiltak**

Ervik Group har implementerte rutinar for aktsemdsvurderingar, vi har oppnemnt varslingsmottakar, DPA er representert av begge kjønn, og vi har oppdatert ISM. Fartøya er oppdatert på nye og gjeldande rutinar og prosedyrar, og det same gjeld øvrig tilsette i administrasjons-basen. Varslingskanalar vil i tillegg bli lagt ut på Ervik Groups nettside.

Ervik Group har fokus på god kommunikasjon, og har jamleg flåtemøter, driftsmøter og andre interne møter der ein eventuelt vil bli oppdaterte på eventuelle negative konsekvensar som blir gjort kjent for selskapet. Selskapet har ikkje til no oppdaga at uønskte, alvorlege negative konsekvensar har skjedd. Dersom motsett blir tilfelle, vil vi i fyrste omgang søke å finne løysing gjennom god informasjon og påverknadskraft.

Internt i Ervik Group har vi ein open dialog om Openheitslova, der selskapa utfyller kvarandre på mange områder, og fordeler oppgåver best mogleg ut frå bransje og leverandørar. Vi har i tillegg tett samarbeid med interesseorganisasjonen Fiskebåt, der bransjeutfordringar bli tatt i fellesskap med heile fiskeflåten.

Som eit resultat av aktsemdsvurderingane, endra selskapet DPA- utpekt person til å vere både ei kvinne og ein mann, oppdatert eksisterande og implementert nye retningslinjer og prosedyrar i forhold til blant anna etikk, diskriminering, varsling og handtering av varslar. Desse er gjort kjent innad i heile konsernet.

### **4. Overvake**

Vi vil halde fram med å fysisk undersøke, snakke med tilsette, sikre god informasjon, og undersøke om rutinar og prosedyrar for varsling er gode nok. Vi vil deretter iverksette eigna tiltak utover resultat og funn.

Vi har sendt ut informasjon om Openheitslova, og at Ervik Group vil følgje vidare opp framover, inkludert med leverandørreklæringar. Dei fleste av våre leverandørar og forretningspartnarar er derfor klar over at vi vurderer dei. Førebelse tilbakemeldingar er positive.

Vi håper med dette å bidra til å forebygge at det skjer faktiske eller potensielle negative påverknad. Vi kan ikkje utelukke at det skjer uønskte hendingar eller at det kan knytte seg ein viss potensiell risiko for negativ konsekvens. Derfor vil vi gjennom tett samarbeid ha fokus på overvaking og oppfølging av våre leverandørar og forretningspartnarar.

Selskapet søker samarbeid både tett internt, med samanliknbare selskap, samt bransjesamarbeid, til dømes med interesse- og arbeidsgjevarorganisasjonen for den norske havgåande fiskeflåten, Fiskebåt, for å løyse eventuelle utfordringar. Det har utav dette samarbeidet kome ein del nye malar og forslag til nye rutiner som Ervik Havfiske Holding og Ervik Group er i gong med å implementere. Dette arbeidet vil halde fram i 2025.

Forventa konsekvens av merksemda vi knyter opp mot drift av fartøy og tilsette er at alle tilsette blir kjende med lovverket, våre retningslinjer, og kjent med varslingsrutinar slik at vi kan unngå ein praksis der det skjer, eller kan oppstå faktiske eller potensielle negative konsekvensar.

Når leverandørane stadig blir kartlagt, forventar vi å få breiare innblikk i leverandør- og verdikjeda og identifisere moglege/ potensielle risikoar. Dette er eit kontinuerleg arbeid i ein pågåande prosess.

Vi håpar at vi gjennom våre interne rutinar, prosedyrar og aktsemdsvurderingar av leverandørar og forretningspartnarar, vil kunne avdekke risikoar før det blir reelle negative konsekvensar.

## **5 Kommunikasjon**

Internt i konsernet er informasjonen formidla via interne system i tillegg til på konsernets nettside.

Gjennom informasjon har vi kommunisert informasjon til alle våre interne selskap og tilsette, og vil halde fram med tett oppfølging og informasjon til våre eksterne leverandørar og forretningspartnarar. Våre varslingskanalar er felles for heile konsernet, og vil ligge lett tilgjengeleg på konsernets nettside.

For offentlegheita vil all informasjon kring Openheitslova og vårt arbeid med å sikre grunnleggjande menneskerettigheiter og anstendige arbeidsforhold ligge lett tilgjengeleg på konsernets nettside: [www.ervikgroup.no](http://www.ervikgroup.no)

Spørsmål om Ervik Group sitt arbeid med sikring av grunnleggjande menneskerettigheiter og anstendige arbeidsforhold, kan rettast til: [baerekraft@ervikhavfiske.no](mailto:baerekraft@ervikhavfiske.no)

## **6. Rette opp**

Oppdagar vi avvik eller potensiell negativ påverknad, vil vi vurdere grad av faktisk konsekvens og mogleg negativ konsekvens og deretter legge ein plan for korleis vi kan rette opp ved å gripe inn, stoppe, endre og påverke gjennom vårt eventuelle vidare samarbeid. Dersom vi sjølv er ansvarlege, vil vi rette opp sjølv. Dersom vi ser at andre er ansvarlege, vil vi i fyrste omgang forsøke å påverke. Styret anerkjenner at det kan vere lange og komplekse leverandørkjeder, men fokuset på grunnleggjande menneskerettigheiter og anstendige arbeidsforhold skal vere kontinuerleg og vere eit fokusområde.

### **Plan vidare:**

Arbeid med grunnleggjande menneskerettigheiter og anstendig arbeidsforhold er implementert i det daglege virket til selskapet, og skal ha kontinuerleg fokus.

Signert av styret

## Kapittel 4: Carisma Viking AS

### 1. Forankring og generell informasjon

Carisma Viking AS er eit havfiskerederi og har drifta linefartøyet MS Vestliner, LELD, i beretningsåret. Rederiet har base på Stadlandet, men fiskeriene går føre seg i Barentshavet, Nordsjøen og vestafor i EU-hav.

Fartøyet vert drive på tradisjonelt vis med automatisk line-egning om bord. All fangst omsettast gjennom den lovpålagte fyrstehandsomsetninga, og består i all hovudsak av frossen torsk, hyse, lange og brosme.

Selskapet har ein tilsettelses-policy som skal sikre like moglegheiter og rettigheter og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisk bakgrunn, språk, religion og livssyn.

Verksemda drivast i samsvar med gjeldande lover, føreskrifter og reglement for denne type fiskeri. Arbeidsmiljøet er sett på som tilfredsstillande, og det er ikkje registrert nokon tilfelle av diskriminering eller avvik på menneskerettigheter eller arbeidstilhøve i beretningsåret.

Fartøyet har heimehamn i Måløy, men fiskeria går føre seg i Barentshavet, Nordsjøen og vestafor i EU-hav. Fisken vert levert til norske fiskerimottak, og vert i hovudsak seld vidare gjennom Ervik Seafood AS.

Carisma Viking har implementerte retningslinjer og prosedyrar i samsvar med morselskapet, Ervik Group AS. Alle styrande dokument med arbeid med menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold gjeld også i Carisma Viking AS.

Styret i Carisma Viking er kjend med Openheitslova, og er sitt ansvar bevisst i forhold til arbeidet med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold.

Rutinar for aktsemdsvurderingar i henhold til Openheitslova, vedtatt i morselskapet Ervik Group AS og på konsernnivå, gjeld for Carisma Viking AS. Morselskapets politikk og retningslinjer ligg tilgjengeleg fartøyets sikkerhetsstyringssystem, CCOM, med tilhøyrande ISM.

Selskapet leiger Ervik Group AS som management- / drifts-ansvarleg for fartøyet MS Vestliner.

I tillegg til morselskapets sertifiseringar for å kunne drive management på fartøy, har kvart enkelt fartøy sine egne naudsynte skipssertifikat og lisensar, blant anna:

- Fartssertifikat for fiske- og fangstfartøy
- Klasesertifikat utstedt av DNV
- SMC-sertifikat
- IHM-sertifikat
- HACCP - sertifikat
- WFC / ILO 188: (bu- og levevilkår)

-Formålet med denne konvensjonen er å sikre trygge, rettferdige og humane arbeidsforhold for arbeidstakarar i fiskerisektoren. Konvensjonen tek for seg arbeidstid, kvile, løn og sikkerheit, samt beskyttelse mot utnytting og dårlege forhold om bord. Vidare tek den føre seg rednings- og sikkerheitsutstyr, opplæring, krav til skriftleg arbeidskontrakt, helsekrav, bu-forhold, ernæring og medisinsk behandling for fiskarar. Konvensjonen vert kontrollert ved tilsyn frå Sjøfartsdirektoratet.

Varslingskanalen for Carisma Viking er dei same som morselskapet Ervik Group AS. DPA er lik, avviksprosedyrar, ISM og HMS politikken er lik.

## **2. Kartlegging og vurdering:**

Kartlegging og vurdering er gjort etter «trafikklys- prinsippet». I 2024 vart følgjande risikoområde identifisert, og områda er fylgt opp gjennom heile året:

Som eit selskap som driv fiskeri er aktsemdsvurderingane retta mot:

- Arbeids og tilsettingshøve: Har mannskapet om bord i båtane eit godt tilsetjings- og arbeidshøve, med riktig løn og utan nokon form for diskriminering?
- Har vi god nok oversikt over leverandørar av fiskeutstyr?
- Har vi oversikt over leverandørar av verft, verkstadar og losseterminalar som selskapet brukar.

Gjennom sikkerhetsstyringssystemet dokumenterer fartøya blant anna risikovurderingar og prosedyrar. Arbeidet utført av management-selskap og fartøyet sjølv, vert anerkjent som eit tilfredsstillande arbeid.

Skipsføraren går gjennom sikkerheits- og avvikssystemet årleg, der eventuelle feil og manglar vert plukka opp. Det er hittil ikkje avdekka alvorlege feil eller manglar.

Selskapet har avtale med eit internt rekneskapselskap om lønsutbetaling, og vurderer dette selskapet som truverdig leverandør av denne tenesta. Løn er utrekna gjennom Lott-system. Arbeidskontraktar er utforma av mannskapsavdelinga i Ervik Group, så selskapet vurderer derfor denne potensielle risikoen om lønsdiskriminering som låg.

Selskapets største leverandør av utstyr er eit internt selskap i konsernet, som sjølv utarbeider eigen rapport på Openheitslova.

